



FRÅ JÆRMUSEET SINE SAMLINGAR

## Trallfa robot TR 2000

*Roboten er produsert av Trallefabrikken, Bryne i 1969*

LARS GAUTE JØSSANG

*I vitensenteret på Jærmuseet Kvia finn du robotar både blant eksperimenta og i studiemagasinet. Kva er grunnen til at eit museum med fokus på jordbruk og jærsk reiskapsindustri set søkelyset på roboten?*

*Årsaka ligg i vår nære historie, nærmere bestemt 1960-talet. Då hadde Trallfa, ein liten reiskapsprodusent på Bryne, problem med å rekruttera folk som ville lakkera trillebårer. Dei sökte å løysa det gjennom å automatisera arbeidet. Dei ga denne oppgåva til rett mann – den unge ingenieren Ole Molaug. Resultatet var at Trallfa skreiv seg inn i den internasjonale industrihistoria fordi dei i 1966 hadde utvikla verdas første hydrauliske lakkeringsrobot. Dette var bare fem år etter at Unimate, utvikla av Joseph Engelberger, blei lansert som den aller første industriroboten i verda. Alle desse første industrirobotane var hydrauliske.*

Trallfa Robot hadde i 1985 50% av verdensmarkedet for lakkeringsrobotar. I 1985 – 89 blei bedrifta selt til industrikonsernet ABB. I dag blir det framleis laga avanserte lakkeringsrobotar på Bryne av firmaet ABB AS Robotics. Dei er den leiande produsenten av lakkeringsrobotsystem i verdsmalestokk. Kundane er bilindustrien og vareproduserande industri generelt. Salget er 100 % eksport.

I 2002 fekk Jærmuseet fire Trallfarobotar: TR 2000,

*Jærmuseet sin Trallfa TR 2000 robot består av manipulator t.v. og styreskap t.h. På manipulatoren ser ein handtaket som blir nytta når roboten skal programmerast. Då blir programmet lest inn på eit lydband bak vinduet i styreskapet. Foto: Jærmuseet.*


TR 3000 med CRC, TR 3000 med RPS og TR 4000 og manipulatoren på OM 5000. Den siste er ein Gecorobot frå USA, laga av Ole Molaug. I studiemagasinet i Jærmuseet Kvia stiller me ut den første serieproduserte roboten frå trallefabrikken Trallfa på Bryne, TR 2000. Roboten blei selt i 1969 til den svenske badekarprodusenten Gustavsberg, og i dei neste tjue åra fekk tusenvis av badekar nokre strøk lakk av dette «maskinemnesket» som blei kalla «Ole» etter opphavmannen, Ole Molaug.

I det følgjande lar me historikar Lars Gaute Jøssang fortelja historien om denne første lakkeringsroboten. Teksten er henta frå boka «Industrieventyret på Jæren 1800–2000» som kom på Samlaget i 2004.

## Teknisk talent frå Frafjord

Ole Molaug (1931– ) voks opp i Frafjord, «mellan høgfjell og fjord», i det indre av Gjesdal. Her levde folk flest av jorda, fjellet og sjøen. Men enkelte, som far til Ole, levde av ein trevarefabrikk. Dei tidvis mange arbeidarane laga alt frå møbler til kyrkjeutstykkingar. Alt i 1911 sveiv eit lokalt kraftverk. Det gav straum, noko som bana veg for lys, elmotorar, kraftoverføringsystem og dreiemaskinar. Tidlegare enn dei fleste skaffa faren seg også bil.

Om Ole ikkje akkurat voks opp i sponhaugen, var han mykje i verkstaden. Der stirra han tida og ofte på maskineriet og blei teken av det han såg. Læraren tykte det blei reint for mykje av det gode og spita han med at hovudet var fullt av flis. Det han ikkje visste var at Ole sleit med dysleksi. Gjorde han lite av seg på skulen, putla han med både det eine og det andre på fri-tida. Til det meir avanserte høyrdet så avgjort den fjernstyrde flybåten han bygde. Den brukte han på fjorden vinterstid, og med full speed, greidde doningen 70 km i timen. Han røpa tekniske gjenvnader i unge år. Ein onkel var sivilingeniør, og Ole fekk hug å gå same vegen. Men så var det denne dysleksien då... Han sökte likevel på «Teknikken» i Stavanger, og kom inn på den toårige «motor, auto og flymotorteknikk»-linja. Han treivst og greidde seg godt. Den nyuttanna ingenioren flytta heim til Frafjord og begynte på fabrikken. Det blei ikkje berre arbeid. Han såg, tenkte og funderte mykje på korleis produksjonsprosessane i fabrikken kunne forenklast og rasjonaliserast. Det gjekk så langt at eit automasjonskonsept tok til å formast. Men for å



Ole Molaug. Foto: Privat foto.

koma vidare trøng han nye impulsar og flytta til industribyen Sandnes i 1958.

Ole fekk jobb på Sandnes Aducerverk, som på det tidspunktet var ei ung og ekspansiv bedrift. Det var skipsreiar Fredrik Odfjell i Bergen og skipsinspektør Carl Anda, og altså ingen jærgründarar, som fekk snøballen til å rulla under krigen. Av ein eller annan grunn blei Sandnes blinka ut, og i 1944 starta AS Industriotter opp i leigde lokale hjå Sandnes Støperi. Dei allierte seg med Ivar Mathisen, støyperisjef ved AS Jøtul, og fekk han vestover. På det tidspunktet var det alt kjøpt tomt på Hana, og i 1947 kunne produksjonen flyttast over i den nye fabrikken.

Sandnes Aducerverk gjekk godt. Årsproduksjonen var stipulert til 1000, men låg i 1959 på 3000 tonn i

året. Arbeidsstokken var på heile 400 mann. Til dette kom avdelingane i Larvik og Oslo med 250 og 75 mann. I den over 200 måls store tomta som blei kjøpt på 1960-talet låg det også mykje framtidsoptimisme innbakt.

Som jernkvalitet plasserer aducergods seg mellom smijernet og støypejernet. Medan det smidde er fleksibelt, er det støypte bunde og låst til forma si. Grensene er likevel ikkje absolutte. Gjennom ein spesiell varmebehandlingsprosess mjuknar støypejernet, blir «aducert» og mykje føyelegare. Aducerverket laga småting til syklar, maskinar, elektriske installasjonar, beslag til vindauge og dører. Arbeidsstokken fordelte seg på ulike mekaniske verkstader, på støyperiet med alle sine støtteavdelingar og på det merkantile avsnittet. «Engineering», konstruksjons- og teiknekontor-kontoret, var også eit viktig avsnitt. Det breie produktspeskeret kravde metallurgisk kompetanse og laboratorieteknisk innsikt. Med sin komponentproduksjon blei Aducerverket viktig for reiskapsfabrikane på Jæren. Også sykkelfabrikken til Øglend naut godt av den nye bedrifta. Heimemarknaden var viktig, men Aducerverket eksporterte også ein del til dei nordiske landa, England, Frankrike og Amerika.

På Sandnes Aducerverk begynte Ole Molaug som automasjons- og rasjonaliseringingeniør. Etter berre nokre månader kom han i kontakt med ein mann i BIAS som var på besøk. Han tilskunda Ole om å sökja på arbeidsstipend som Noregs Naturvitenskaplege Forskningsråd hadde lyst ut. Søknaden gjekk inn, ingenioren frå Frafjord gjorde bergensar av seg og begynte i BIAS. Han var innom fleire bedrifter med råd, rettleiing

og praktisk hjelp. Av og til hadde han også oppdrag på Jæren, og fekk med det ei viss føeling med det som rørde seg her. I 1962 var ei ingeniørstilling ledig i Jæren Automasjonsselskap. Ole sökte, fekk jobben og flytta til Bryne. Eit av dei fyrste oppdraga var for Serigstad. Utfordringa bestod i å automatisera sandfordelings-systemet i støyperiet. Resultatet blei det fyrste transistorstyrtrede anlegget på Jæren. Så var det eit av desse slumpetreffa... Ein dag sat han og las i eit amerikansk tidsskrift. Så fall augo på ein artikkel om industrirobotar. Det slo han straks at det måtte vera noko for Jæren Automasjonsselskap og jærindustrien. Samstundes måtte utviklingsoppgåver av denne typen fellast inn i ein konkret fabrikkontekst for å ha noko for seg. Dei ville også krevja fleire ressursar. Spørsmålet var då om nokre av medlemsbedriftene ville strekka seg så langt.

## Flaskehals i trillebåreprroduksjonen

Nils Underhaug (1915– ) var Nærø-bu og son til Martha og F. A. Underhaug. Om han ikkje var fødd i fabrikken, vanka han mykje der. Noko var pålagd arbeid av faren, og ein del fann han på sjølv.

Fabrikkeigar F.A. Underhaug hadde mange arvingar. Dei fleste – Aksel, Gabriel, Henrik og Sigrid – blei verande og fekk framskotne posisjonar i føretaket til faren. Nils kunne vel også ha fått det, om han hadde vilja. Når han valde annleis, kan det usunne i at fleire sysken gjekk og trødde opp i kvarandre ha lege bak. Samstundes hadde han slik hug til å begynna for seg sjølv med noko, men kva? Fabrikken hadde eigentleg

to avdelingar, ei for jordbruk og ei for transport. Brørne såg kva pilementa han var i, og etter å ha tenkt seg grundig om, kom dei med dette tilbodet: «Du kan få overta trallene. Vi har mer enn nok med landbruksredskapene». Han blei budd heile tralleproduksjonen og tok imot med opne armar. Den femnde om tohjuls sekke- og pakkhusstraller, dragkjerrer, handvogner, traller og trillebårer. Med på kjøpet var også heile ordrebunka, teikningar, katalogmateriale m.m. På pengesida fekk 10.000 kr av fabrikkbuet, ein kassakreditgaranti i Jæren privatbank på 50.000 kr. Tralleagenten i Oslo var også ein del av denne pakken. Til dette kom ein eigenkapital på 10.000 kr og ein verktøykasse. I røynda fekk Nils ein heil fabrikk i fanget.

«Trallefabrikken Nils Underhaug, Bryne» fekk overta dei gamle låveliknande støyperilokala til Serig-

stad. Standarden var ikkje akkurat topp. Leirgolvet og det ringe taket trekte ned, likeeins denkle isoleringa. Om vinteren blei det hutre, endå om den store rundovnen glødde. Når kulden var på det striaste, trong arbeidarane to par av den gamle underbuksotypen. Men det blei snart ei betring. «Låven» brann ned i 1942, og eit nytt murbygg kom i staden. I 1945 kjøpte Nils Underhaug eit myrlendt tomt i utkanten av Bryne. Planar for ny fabrikk blei laga, likeeins ein større «generalplan» for område. Den kom vel med når det seinare blei aktuelt med utvidingar.


Satsingsområdet til Nils Underhaug var «ikkemotorisert transportutstyr» i omrent alle fasongar og utgåver. Som andre næringsdrivande sleit også han med å få tak i materialar etter krigen. For å få det til å gå måtte han ta det som baud seg. Så då han kom over eit lager



Modell av firehjulsvogn frå Trallfa. Det er ikkje vanskeleg å sjå at utgangspunktet har vore ei feltseng. Foto: Jærmuseet.

av gamle tyske feltsenger, slo han til. Dei rektangulære jernrammene kunne fyllast med fjøler, setjast på hjul og få skyve- og trekkbom på. Trillebårer hadde vore ein del av porteføljen frå starten av. Men dei første 12 åra var det berre snakk om små seriar med til dels dårleg utstyr. Platene blei rissa opp og klypte, bukka og sveisa med handemakt. Beslag blei kappa i ei maskin-driven saks. Boringa føregjekk også manuelt. Med denne enkle verkstadteknologien tok det sju timer å laga ei trillebåre. Det var mykje, særleg i høve til andre produsentar. Rykta gjekk om eit svensk firma som berre trong ein god time på ei båre. Ein kvapp av slikt. Var avstanden så stor? Nervøs og spent la ein trillebåredelgasjon i veg til nabolandet, fekk syn for segn og reiste tankefulle heim.


Ut av turen og synfaringane kom ein femårsplan med ei klinkande klar målsetjing: «Trillebårene skulle bli vår spesialitet». Ambisjonen var å bli leiande på feltet, korkje meir eller mindre. Det kravde trillebårer som folk ville ha, eit effektivt produksjonsopplegg og helst store seriar. Frametter blei det mange timer ved teiknebordet. Kring 20 ulike trillebårer blei laga. Etter ein inngående siktungsprosess sat ein att med ei handfull. Neste steg var å rusta opp og straumlinjeforma fabrikken. Det kravde pengar ut over det bedrifta hadde på bok. Å gå til banken var nærliggande. Men det fanst også andre finansieringskjelder å trekka på, som det statlege Industrifondet. Søknaden om investeringsstøtte møtte velvilje, og for denne kapitalen kjøpte Trallefabrikken ein automatisk punktsveisemaskin, ei stor gradsaks og hydrolikk til den heimelaga knekkpressa.



DEN FØRSTE ROBOTEN

Den første roboten til Trallfa blei brukt i eigen produksjon frå 1966. Reklame frå bedrifta.

Den nye hjelpe midla fekk fart på produksjonen. Det store forspranget som svenskane hadde, blei dramatisk redusert. Når kostnaden pr. produsert eining fall, kunne også utsalsprisen senkast. Billegare trillebårer stimulerte i neste omgang etterspurnaden. Det låg også pengar i å fri til ulike kundegrupper, noko «Folkebåren», «Selvbyggerbåren», «Landbruksbåren», «Betongbåren» røper eit vake blikk for. Satsinga på effektiv og rasjonell trillebåreproduksjon med vekt på nokre hovedtypar slo an. Fabrikken fekk det travelt utover på 1950-talet, og på slutten av tiåret sysselsette verksemda nærare 60 mann. Omsetninga auka år for år. Den gode innteninga bana ikkje berre veg for vidare ekspansjon innan transportsegmentet, men også for teknologisprang i heilt andre retningar. Når det galdt trillebåre-



122

produksjonen, hadde den alt blitt mykje rasjonalisert. Men framleis var det ein del sekvensar som hang etter. Det galdt særleg den tungvinde og helsefarlege lakke-ringa.

### Trallfa-roboten blir til

Robotideen svirra i lufta, eit FoU-miljø var i funksjon og ein fabrikk hadde ei konkret utfordring. Dermed var føresetnadene til stades for å laga ei innretning som ved hjelp av bestemte programmerings- og styringssystem kunne ta over og utføra arbeid som menneske tidlegare hadde gjort. Automasjonsteknikkar representerte likevel ei plattform som det var råd å prøva og feila ut frå. Den første juli i 1964 hadde han klar eit framlegg til korleis roboten skulle byggast opp og arbeida. Det overtydde Nils, og dermed starta prosjektet for alvor.

Ole blei prosjektleiar. Med seg fekk han Sverre Bergene, mekanikar i Trallefabrikken, og Harald Mos-sige, elektrikar og tilsett i Jæren Automasjonsselskap. Det første dei gjorde var å konstruera eit servosystem som kunne repetera rørsler. Så laga dei eit system i fire ledd med innbyrdes koordinering. Då var grunnstrukturen så å seia på plass. Å få dei ulike delsystema til å bli eit integrert robotsystem var likevel ikkje gjort i ei

Bilde til venstre: Lakking av badekar på Gustavsberg med Trallfa robot. Foto utlånt frå ABB Robotics.

**TRALLEFABRIKKEN**

**TRALLFA 65**  
Folkebåren  
Dette er trillebåren for de aller fleste lettare oppgaver i hagen.  
Kassen er bred og rommelig, laget av kraftig, hjelpresset stålplate. Lett å trille og godt å komme. Hele trillebåren veier bare 13 kg.  
Farge: Grønnlakeret eller galvanisert.  
Hjul: Stål, 125 mm.  
Hjultype: Luftgummihjul 4,00 x 4"  
Vekt: 13 kg

**TRALLFA 90**  
Piccolo  
— litt lettere og enklere i konstruksjon enn Folkebåren. laget med tanke på all lettare transport. Etter hvert som tidigare den en lett i vekt — klok 12.  
Farge: Rødlaakeret eller galvanisert.  
Hjul: Stål, 125 mm.  
Hjultype: Luftgummihjul 4,00 x 4"  
(12 x 4")  
Semikompakt dekk 2,25 x 7,5  
(12 x 2½")  
Vekt: 12 kg

**TRALLFA 45**  
Poppy  
Et formutig leketøy som tåler å bli bruket av stålplate og understell av plast.  
Leveres i ALU-1-EN pakning.  
Monteres på få minutter.  
Farge: Orange  
Vekt: 4 kg

Trillbår for liten – og trillebår for stor. Reklame frå Trallfa i 1974.

handvending. Arbeidet tok mykje lengre tid enn rekna med. Det blei lange dagar og seine kveldar. I kritiske fasar måtte dei også ta store deler av natta til hjelp. Det kosta flesk. Utgiftene i dei innleiande rundane tok automasjonsselskapet. Men då FoU-arbeidet kom inn i fastare former, måtte Trallefabrikken bla opp. Utan velvillig støtte/lån frå Statens Utviklingsfond på 300.000 kr hadde nok heile prosjektet stranda. «Når eg fysst har sett meg någe i håve, gjer eg isje opp før atte eg ser at det isje kan gå.» Trass i vonbrot og tilbakeslag så gjekk det framover. Og etter to år kunne gruppa

presentera for oppdragsgjevaren noko som minna om ein robot.

Den fyrste offisielle framsyninga var på jærdagen i 1966. «Ole» var plassert framføre eit teiknebrett, og med skjelvande hand, rissa han opp store andlet med tusjpenn.

*«Med sin ene arm kan Ole agere menneske. Den har 'skulderledd', 'albueledd', 'muskler' og energi-depot. Nerver finns også, og så er Ole utstyrt med en hjerne så stor som et vanlig klesskap. Blink i øyet forteller om at blodtrykket er i orden, om arbeidsviljen er til stede og om han føler seg opplagt og i form. Han har bevegelige ledd, hydrauliske sylinder, hydrauliske oljeaggredit, servo-styringer, kontrollamper og et komplisert elektro-teknisk utstyr som står over alt dette.»*

I teknisk forstand var roboten ein elektrisk styrt manipulator – *«med en hjerne som mottar ordre fra et arbeidsprogram som er oppatt på lydbånd, og som avspilles ved hjelp av en båndspiller. Roboten læres opp ved at de nødvendige bevegelser med lakkeringspistolen utføres manuelt en gang for hvert enkelt oppdrag, bevegelsene gir impulser til magnetbåndet, og under avspillinga overføres båndet sitt program til elektriske impulser i hernen, som igjen styrer roboten.»*

At «Ole» samla mange forvitne tilskodarar rundt seg, er ikkje å undrast på. Ein slik jernmann hadde ingen på Jæren sett før. Utgangspunktet hadde nettopp vore rørslene til ein vanleg lakkeringsmann. Ved hjelp av ulike teknologiar hadde dei blitt registrerte og omsette til eit teknisk språk som jernmannen forstod og retta seg etter.

Trass i suksessen blei det fort klart at «Ole» ikkje

endå kunne løysa lakkeringsoppgåvene på Trallfa. Fin-teknologien måtte utviklast ei stund til. Det endelige gjennombrotet kom ikkje før i februar 1967. «Det skulle vise seg at nå gikk det virkelig for alvor. Roboten arbeidet dag etter dag, og dager ble til uker og måneder.» Dette slo ut i ei monaleg produktivitetsforbetring i lakkeringsroboten, og bemanninga kunne skjerast ned frå fem til tre mann. Forutan at lakkeringsroboten blei betre, gjekk også mindre lakk til spille.

I utgangspunktet hadde det berre vore meininga å utvikla ein lakkeringsrobot berre til eige bruk. Etter at ein hadde kome i mål var det openbort at andre bedrifter også kunne ha nytte av «Ole» og seinare avkom. Kommersialisering av roboten kravde meir midlar. Eit lån på 350.000 kr frå Industrifondet sikra det økonomiske fundamentet for å gå vidare.

I januar 1969 blei det starta produksjon av ein 0-serie på seks robotar. Den fyrste av desse blei plassert i lakkeringsavdelinga på Trallefabrikken til utprøving. Mot slutten av året, nærare bestemt 29. oktober, skreiv bedriften robotkontrakt med Gustavsberg Fabriker i Sverige. Målet var å robotisera emaljeringa av badekar. Bestillinga var ei storhending. Avtalen viste at «Ole» hadde vunne tiltru i industrien. Salet representerte også eit internasjonalt gjennombrot.

Same hausten blei produksjonen av TR-2000 sett i system. Kristian Aareskjold blei leiari, Ole Molaug utviklingssjef og Gunnar Kluge «elektrosjef» i den nye robotavdelinga. Trallfaroboten var det interesse for. Rundt midten av 1970-talet, hadde over 200 lakkeringsrobotar blitt selde, for det meste til utlandet. Då

hadde også den nye robotfabrikken i Vardheia (Bryne) blitt teken i bruk. I tillegg hadde ein ny robotgenerasjon, TR-3000, blitt lansert. Alt i 1972 blei det inngått ein distribusjonsavtale med det amerikanske selskapet DeVillbiss Co. Året etter blei det skrive kontrakt med

Kobe Steel Ltd. i Japan om lisensproduksjon. I 1980 fekk DeVillbiss Co også løyve til det. Den jærske lakkeringsroboten var i ferd med å erobra verda, salstal, noko prisar og utmerkingar stadfesta.